

MASFJODEN IDRETTSRÅD

Møteutskrift:

REFERAT FRÅ MØTE I IDRETTSRÅDET 23. APRIL 2020.

Møtet vart arrangert delvis ved oppmøte i klubbhuset på Hosteland og via Teams nettverk.
Tilstades: Ståle Daae, Per Einar Langhelle, Marte Hatlevik, Vidar Sleire Tistel og John Torsvik.

Sak 2. Tilråding til plassering av dagsturhytte i Masfjorden.

Idrettsrådet har i samband med utarbeidingsa av kommunedelplan for idrett i perioden 2017-2024 anmoda om at Masfjorden burde få på plass dagsturhytte slik kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane Fylkeskommune har fått på plass. Når no Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på nytt saman med Vestland Fylkeskommune også tilbyr dagsturhytte til dei tidlegare Hordalandskommunane, er Idrettsrådet svært glad for det.

Idrettsrådet har ved tidlegare høve vore klar på at den beste løysinga for Masfjorden vil vere å få etablert ei dagsturhytte i kvar av dei 3 kommunedelane Nordbygda, Sørsida og Indrefjorden.

Idrettsrådet er glad for at Masfjorden kommune har fått inn gode forslag frå alle kommunedelane der fleire av desse er godt eigna til plassering av ei dagsturhytte.

Idrettsrådet har saman med Masfjorden kommune vore på synfaring på dei føreslåtte plasseringane der forutsetjinga om grunneigaravtale og driftsavtale synes å vere avklara. På bakgrunn av denne synfaringa sat Idrettsrådet att med fylgjande 3 alternativ vi vil tilrå Masfjorden kommune å få plassert dagsturhytter:

Fjelldalsbrotet, 210 m.o.h. på Hosteland, Grøttneset, 5 m.o.h. på Kvingo og Hestefjellet 160 m.o.h. på Matre.

Idrettsrådet ynskjer å tilrå plassering som medverkar til auka turaktivitet i alle aldersgrupper og med ulike utgangspunkt for å gjennomføre turen/turane som fører fram til dagsturhytta. Nokre av dei føreslåtte turane har alt godt besøk, for det meste i samband med turpostar i regi av idrettslaga. Idrettsrådet har vurdert men ikkje vektlagt nærleiken til skule og barnehage som avgjerande for valg av stad for dagsturhytte. Parkeringstilhøve og turtrase som eignar seg for ulike grupper brukarar, og dei som på ein eller anna måte treng assistanse har påvirkta idrettsrådet si tilråding.

Idrettsrådet si prioriterte tilråding for dagsturhytte i Masfjorden:

1. Grøttneset, Kvingo

Dette alternativet har god framdrift og omfatter breitt alternativ av lett og småkuppert turterren. Turtraseen er det einaste alternativet ein kan imøtekome ynskje om universell utforming. Staden skil seg ut i høve dei tradisjonelle toppturane, små eller store, som ein normalt går til i Masfjorden, ettersom staden har panoramautsikt ved sjøen. Kulturhistoriske innslag. God parkering.

2. Fjelldalsbråtet, Hosteland

Dette er ein svært mykje nytta turtrase, der Fjelldalsbråtet er mellomstasjon til toppunktet Hatten.

Stien held god kvalitet og det er heller ikkje svært krevande å tilretteleggje tomt for dagsturhytte der. Skogkarakteren er spanande og interessant.

God parkering og kort veg frå barnehage og skule.

3. Hestefjellet, Matre

Dette er ein særeigen stad med Panorama utsikt, og som med nokre grep på turtraseane vil vere eit attraktivt mål for dagsturar. Ein må vurdere om det må gjerast eventuelle sikringstiltak. Sjølve hyttetomten er ikkje svært krevande å tilretteleggje.

Staden er allereie ein svært nytta turpoststad. Kulturhistoriske og landbruksmessige innslag. God parkering og kort veg frå barnehage og skule.

For Idrettsrådet



John Torsvik, leiar